



Helse- og
omsorgsdepartementet

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 13. juni 2023

Behandling av årleg melding 2022,
godkjenning av årsrekneskap og årsmelding
2022 mv.

HELSE  VEST

PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Tysdag 13. juni 2023 kl. 11.00 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart halde på Clarion Hotel The Hub i Oslo og digitalt.

Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Årleg melding 2022, jf. lov om helseforetak § 34, vedtektene §§ 7 og 15
- Sak 4 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2022, jf. lov om helseforetak § 43, vedtektene § 7
- Sak 5 Godkjenning av retningsliner for leiarløn og rapport om løn, jf. vedtektene § 16 a
- Sak 6 Godkjenning av godtgjering til revisor, jf. lov om helseforetak § 44
- Sak 7 Endring i driftskredittramma for 2023
- Sak 8 Investeringslån og tilskot til protonsentar – endringar i samband med RNB for 2023
- Sak 9 Spesialisthelsetenester til militært personell frå utlandet
- Sak 10 Donasjon av ambulansar mv. til Ukraina
- Sak 11 Bierverv

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Helse- og omsorgsminister Ingvild Kjerkol

Også til stades:

Statssekretær Truls Vasvik

Departementsråd Cathrine M. Lofthus

Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum

Ekspedisjonssjef Espen Aasen

Avdelingsdirektør Kai Furberg

Avdelingsdirektør Astri Knapstad

Seniorrådgjevar Mikkel Hovden Aas

Frå styret i Helse Vest RHF møte

Styreleiar Agnes Landstad

Nestleiar Olin Johanne Henden

Wenche Kristin Røkenes

Linda Karin Ganstøe

Gunnar Berge

Oddvar Kaarbøe

Tord Anton Haaland

Solfrid Borge

Geir Arne Sunde

Anne Karin Hamre

Frå administrasjonen i Helse Vest RHF møte

Administrerande direktør Inger Cathrine Bryne

Også til stades

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13 og møte ved Ingrid Risa og Børre Fylling.

Revisor for Helse Vest RHF, BDO AS, var varsla i samsvar med lov om helseforetak § 18 og møte ved revisor Ellen Marvik.

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Helse- og omsorgsminister Ingvild Kjerkol ønskte, som øvste eigarmyndigheit og møteleiar, velkomen. Ho spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Styreleiar Agnes Landstad og helse- og omsorgsminister Ingvild Kjerkol vart valde til å godkjenne protokollen.

Sak 2 Dagsorden

Helse- og omsorgsminister Ingvild Kjerkol spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Årleg melding 2022, jf. lov om helseforetak § 34, vedtektene §§ 7 og 15

Lov om helseforetak § 34 pålegg dei regionale helseføretaka å utarbeide ei årleg melding om verksemda. I vedtektene § 15 er det slått fast at det skal gå fram av den årlege meldinga om pålegg og vedtak som er gitt i føretaksmøtet eller sett som vilkår knytt til løyvinga, er oppfylte (jf. § 34 i lov om helseforetak). Vilkår knytt til løyvinga går fram av oppdragsdokumentet til Helse Vest RHF for 2022.

Føretaksmøtet viste til årleg melding frå Helse Vest RHF av 15. mars 2023 og supplerande informasjon av 11. mai 2023.

Føretaksmøtet viste til at koronapandemien hadde innverknad på helseføretaka si verksemd også i 2022. Sjukehusa opplevde auka førekomst av luftvegsinfeksjonar, høgt sjukefråvær og ekstraordinær prisvekst. Aktiviteten i sjukehusa vart lågare enn planlagd og måla vart derfor i mindre grad oppnådd. Føretaksmøtet viste til at sjukehusa i 2022 gjorde ein betydeleg innsats i samband med den pågåande krigen i Ukraina, med blant anna medisinsk evakuering, behandling av pasientar og bistand knytta til donasjonar av utstyr og legemiddel. Føretaksmøtet anerkjente innsatsen som vart lagt ned i helseføretaka også i 2022.

I oppdragsdokumentet for 2022 er det sett som mål at gjennomsnittleg ventetid i spesialisthelsetenesta skal reduserast samanlikna med 2021. Samla for alle tenesteområda var ventetida i Helse Vest 67 dagar i 2022. Det er ein auke på to dagar frå 2021, dvs. at målet ikkje er nådd.

I oppdragsdokumentet for 2022 er det sett som mål at gjennomsnittleg ventetid skal vere lågare enn 40 dagar for psykisk helsevern vaksne, lågare enn 35 dagar for psykisk helsevern barn og

unge og lågare enn 30 dagar for TSB. Føretaksmøtet viste til at målet for ventetider i 2022 vart innfridd for TSB, men ikkje for psykisk helsevern vaksne eller psykisk helsevern barn og unge.

Det vart innført pakkeforløp for kreft i 2015. Helse Vest nådde målet om at 70 pst. av forløpa skal vere gjennomført innanfor maksimal forløpstid, men hadde ein nedgang frå 76,2 pst. i 2021 til 70,1 pst. i 2022.

Føretaksmøtet bad Helse Vest RHF om å arbeide for at ein når måla i 2023.

Føretaksmøtet merka seg styret sin konklusjon om at styringskrav gitt i oppdragsdokumentet og føretaksmøtet for 2022 er ivarettatt og at sørge for-ansvaret som Helse Vest RHF er pålagt gjennom lovverket samla sett er oppfylt for 2022. Føretaksmøtet viste til at det er gjort eit omfattande arbeid i 2022, og trakk fram dei særskilte utfordringane som følgje av blant anna pandemien. Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest RHF har oppfylt sørge for-ansvaret.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet tek årleg melding 2022 med supplerande opplysningar frå Helse Vest RHF til etterretning.

Sak 4 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2022, jf. lov om helseforetak § 43, vedtektene § 7

I samsvar med lov om helseforetak § 43 og vedtektene § 7 vart årsrekneskapen og årsmeldinga frå styret for 2022 lagt fram til godkjenning i føretaksmøtet. Revisor frå BDO, Ellen Marvik, gjorde greie for revisjonsmeldinga for 2022.

Løyvinga til dei regionale helseforetaka vart i januar 2022 auka med 1,5 mrd. kroner gjennom Stortinget si behandling av Prop. 51 S (2021–2022), for å dekke auka pandemirelaterte utgifter i første halvår av 2022. I samband med RNB (Prop. 118 S (2021–2022)) vart det overført 700 mill. kroner frå innsattsstyrt finansiering til tilskot, for å kompensere for redusert aktivitet i første halvår 2022. I samband med Stortinget si behandling av Prop. 19 S (2022–2023) vart det løyvd 2,5 mrd. kroner til dei regionale helseforetaka. Bakgrunnen for løyvinga var den sterke og uventa prisveksten som hadde vore i 2022, samt at drifta av sjukehusa og i 2022 var påverka av pandemien. Føretaksmøtet viste til at pandemien og usikkerheita i verdsøkonomien har påverka både drift og økonomi i helseforetaka i 2022, noko som har gjort styringa i sektoren krevjande. Føretaksmøtet viste til at alle dei regionale helseforetaka må arbeide vidare med å stabilisere drifta etter pandemien, samtidig som dei må arbeide med å ta igjen utreiing og behandling som har vore utsett. Løyvinga til sektoren dekker både drift og investeringar. Behovet for nye investeringar i sektoren er framleis stort, og positive økonomiske resultat er nødvendig for å gjennomføre investeringar i nødvendig omfang framover.

I føretaksmøtet 10. januar 2022 vart det fastsett følgjande resultatkrav for Helse Vest RHF for 2022: *"Føretaksmøtet la til grunn at dei regionale helseforetaka innrettar verksemda innanfor økonomiske rammer og krav som følgjer av Prop. 1 S (2021–2022) og tilleggsnummer til Prop. 1 S, føretaksmøtet og oppdragsdokumentet for 2022, slik at sørge for-ansvaret vert oppfylt og at det vert lagt til rette for ei berekraftig utvikling over tid."*

Årsresultat for 2022 for føretaksgruppa Helse Vest viser eit positivt resultat på 416,2 mill. kroner, som var svakare enn budsjettert. I resultatet inngår resultatført netto tap ved sal av eigedom på 2,4 mill. kroner. Helse Vest har investert for 5 319,2 mill. kroner i 2022 og har halde seg innanfor vedteken ramme for driftskreditt. Den samla ressursbruken til drift og investeringar er gjennomført innanfor vedtekne rammer og resultatkrav for 2022. Føretaksmøtet viste til at resultatkravet som vart stilt for 2022 er oppfylt.

Føretaksmøtet viste til at auka løns- og prisvekst i samfunnet, samt ustabile marknadsforhold og auka prisar innan byggebransjen, forsterkar behovet framover for god styring og kontroll med økonomien.

Føretaksmøtet viste vidare til at Helse Vest RHF står framfor store investeringsoppgåver. Det er viktig at Helse Vest RHF legg opp til styring og drift som gir grunnlag for ei berekraftig utvikling av tilbodet i regionen.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet godkjenner styret sin framlagde årsrekneskap og årsmelding for 2022.

Sak 5 Godkjenning av retningslinjer for leiarløn og rapport om løn, jf. vedtektene § 16 a

Med bakgrunn i endra reglar for leiarløn i allmennaksjelova, og at Nærings- og fiskeridepartementet har fastsett nye retningslinjer for leiarløn i selskap med statleg eigardel, vart vedtektene i dei regionale helseføretaka endra i føretaksmøtet 10. januar 2022.

I tråd med vedtektene skal Helse Vest RHF følgje allmennaksjelova § 6-16a Retningslinjer om fastsettelse av lønn og annen godtgjørelse til ledende personer i noterte selskaper og § 6-16b *Rapport om lønn og annen godtgjørelse til ledende personer i noterte selskaper*, samt *Forskrift om retningslinjer og rapport om godtgjørelse for ledende personer*. Retningslinjer i samsvar med allmennaksjelova § 6-16a og forskrifta skulle leggjast fram for godkjenning for ordinært føretaksmøte frå og med 2022. Frå og med 2023 skal retningslinjene leggjast fram saman med rapport om løn i føretaksmøte der årsrekneskap vert behandla.

Føretaksmøtet viste elles til at Nærings- og fiskeridepartementet har fastsett oppdaterte «*Statens retningslinjer for lederlønn i selskaper med direkte statlig eierandel*» med verknad frå 12. desember 2022. Desse erstattar retningslinjene fastsett 30. april 2021. Dei regionale helseføretaka sine retningslinjer har blitt revidert i tråd med statens retningslinjer og er lagt fram for godkjenning i føretaksmøtet, saman med rapport om løn og anna godtgjering til leiande personar for 2022.

Føretaksmøtet vedtok:

- *Oppdaterte retningslinjer for løn og anna godtgjering til leiande tilsette vert godkjent.*
- *Rapport om løn og anna godtgjering til leiande personar for 2022 vert godkjent.*

Sak 6 Godkjenning av godtgjering av revisor, jf. lov om helseforetak § 44

Godtgjeringa til revisor gjeld det arbeidet som etter lova er nødvendig for å utarbeide revisjonsmelding for 2022. Av føretaksgruppa sitt samla revisjonshonorar på kr 2 771 000 ekskl. mva., utgjer honoraret for revisjon av Helse Vest RHF kr 368 000 ekskl. mva. Dette inneber ein kostnadsauke på kr 61 000 ekskl. mva. frå 2021 for føretaksgruppa samla sett, som skuldast mindre endringar.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet godkjenner ei godtgjering på kr 2 771 000 ekskl. mva. til ekstern revisor for lovpålagd revisjon av føretaksgruppa for 2022, medrekna godtgjering på kr 368 000 ekskl. mva. for revisjon av Helse Vest RHF.

Sak 7 Endring i driftskredittramma for 2023

Føretaksmøtet viste til Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2023*. Her er det foreslått å auke driftskredittramma til dei regionale helseføretaka med 1 679 mill. kroner. Pensjonspremiene i 2022 er berekna å vere 7 225 mill. kroner høgare enn tidlegare forutsett. Samstundes går anslaget på pensjonskostnader for 2023 ned med 1 300 mill. kroner og basisløyvinga er redusert tilsvarende. Dette gir auka behov for likviditet på 8 525 mill. kroner, som er dekt ved å auke helseføretaka sin bruk av premiefond med 6 mrd. kroner til betaling av pensjonspremiar i 2023, i tillegg til allereie vedtatt bruk av 1 mrd. kroner frå premiefond i saldert budsjett 2023. Det svarast ikkje arbeidsgivaravgift av premie dekt gjennom premiefond, noko som reduserer likviditetsbehovet med 846 mill. kroner. Med atterhald om samtykke frå Stortinget, vil det resterande auka likviditetsbehovet på 1 679 mill. kroner bli handtert ved å auke driftskredittramma til dei regionale helseføretaka med 1 679 mill. kroner, frå 20 464 mill. kroner til 22 143 mill. kroner ved utgangen av 2023. Justering av driftskredittramma vil bli gjort per 1. juli 2023.

Føretaksmøtet presiserte at pensjonspremien som er lagt til grunn i Prop. 118 S (2022–2023) er basert på eit overordna og førebels anslag for dei samla pensjonspremiene til helseføretaka i 2023. Endringane i driftskredittnivå og bruk av premiefond som er foreslått, er derfor no fordelte etter ordinær fordelingsnøkkel. Endeleg pensjonspremie for 2023 vil først vere kjent etter at lønnsoppgjera i sektoren er vedtekne. Regjeringa vil kome tilbake til handtering av eventuelle endringar. Endeleg berekning av pensjonspremie for 2023 vil også kunne påverke fordelinga av likviditet mellom regionane.

Helse Vest RHF sin del av auka bruk av premiefond utgjer 1 149 mill. kroner. Helse Vest RHF sin del av auka driftskredit utgjer 321 mill. kroner.

Føretaksmøtet vedtok:

Helse Vest sin bruk av premiefond vert sett opp med 1 149 mill. kroner. Driftskredittramma for Helse Vest RHF vert auka med 321 mill. kroner, frå 4 046 mill. kroner til 4 367 mill. kroner.

Sak 8 Investeringslån og tilskot til protonsenters – endringar i samband med RNB for 2023

Investeringslån

Regjeringa foreslår i revidert nasjonalbudsjett (Prop 118 S (2022–2023)) å endre prinsippet for prisjustering av lånerammene til dei regionale helseføretaka slik at statlege lånerammer vert prisjustert med den byggekostnadsindeksen Statsbygg bruker for å prisjustere rammene i sine prosjekt (SBED). Fram til no har låneramma blitt justert med den generelle deflatoren som vert nytta for prisjustering av driftsløyvingar til spesialisthelsetenesta. Endringa vert gjort med tilbakeverkande kraft for perioden 2015 til 2022 for dei prosjekta som får låneløyving i 2023.

Som ein følgje av forslaget, vil den gjenståande låneramma og låneløyvinga i 2023 verte endra i forhold til den som var oppgitt i protokollen frå føretaksmøtet 17. januar 2023. Nye gjenståande lånerammer er korrigert for byggekostnadsindeks i perioden 2015–2022 og vert oppgitt i 2022-kroner. Gjenståande låneramme i 2023 vil verte justert med faktisk byggekostnadsindeks i 2023 ved utgangen av året. Med atterhald om Stortinget sitt vedtak inneber dette følgjande for prosjekta i Helse Vest RHF:

Resterande låneramme per 1. januar 2023 til utbygging av trinn 2 ved Haugesund sjukehus i Helse Fonna HF er 588 mill. 2022-kroner.

Resterande låneramme per 1. januar 2023 til utbygging av E-bygget ved Stavanger universitetssjukehus HF er 981 mill. 2022-kroner.

Resterande låneramme per 1. januar 2023 til å etablere protonsenters ved Haukeland universitetssjukehus ved Helse Bergen HF er 500 mill. 2022-kroner.

Resterande låneramme per 1. januar 2023 til nytt sjukehus i Stavanger i Helse Stavanger HF er 1 403 mill. 2022-kroner.

Resterande låneramme per 1. januar 2023 til å oppgradera og modernisere sjukehuset ved Helse Førde HF er 489 mill. 2022-kroner.

Resterande låneramme per 1. januar 2023 til byggetrinn II av barne og ungdomssjukehuset ved Haukeland universitetssjukehus i Helse Bergen HF er 465 mill. 2022-kroner.

- Helse Vest RHF vert tildelt 526 mill. kroner i auka lån i 2023. Av denne auken er det sett av 11 mill. kroner til trinn 2 av utbygging av Haugesund sjukehus ved Helse Fonna HF, 25 mill. kroner til protonsenters på Haukeland universitetssjukehus ved Helse Bergen HF, 322,04 mill. kroner til nytt sjukehus i Stavanger i Helse Stavanger HF, 35 mill. kroner til å oppgradere og modernisere sjukehuset i Helse Førde HF, 74,65 mill. kroner til byggetrinn II av barne- og ungdomssjukehuset ved Haukeland universitetssjukehus ved Helse Bergen HF og 58 mill. kroner til E-bygget ved nytt sjukehus i Stavanger i Helse Stavanger HF.

Investeringsstilskot protonsenters

- Helse Vest RHF vert tildelt 1,66 mill. kroner i auka tilskot i 2023.

Føretaksmøtet vedtok:

Løyvinga i 2023 til investeringslån og tilskot til protonsender vert auka i tråd med omtalen over.

Sak 9 Spesialisthelsetenester til militært personell frå utlandet

Føretaksmøtet viste til *Avtale mellom partene i Traktat for det nordatlantiske område om status for deres styrker, NATO SOFA*, som regulerer rettar og plikter for væpna styrkar som er omfatta av avtalen og som er i teneste på annan part sitt land. Dette inneber at militært personell skal få tenester på same vilkår som vertsnasjonen sine innbyggjarar. Gjennom *Avtale mellom de stater som er parter i Traktat for det nordatlantiske område og de øvrige deltakerstater i Partnerskap for fred, om status for deres styrker*, vert Ukraina definert som del av NATO SOFA fordi Ukraina er deltakarstat i Partnerskap for fred.

Føretaksmøtet viste til tidlegare NATO-øvingar der Noreg har vore vertsland for øvinga og ansvarleg for vertslandsstøtte, irekna å yte nødvendige spesialisthelsetenester til deltakande alliert militært personell og militært personell som inngår i Partnerskap for fred, så lenge dei oppheld seg i landet. I den samanheng har det blitt stilt krav om at tenestegjerande militært personell under NATO-øvingar, som ikkje er omfatta av EØS-avtalen eller tilsvarande avtalar, vert gitt tilgang til spesialisthelsetenester utan etterfølgande fakturering frå norske myndigheiter. Vidare viste føretaksmøtet til at Noreg er vertskapsland for militært personell frå Ukraina som er inviterte hit for å få militær opplæring i Noreg.

Føretaksmøtet vedtok:

Dei regionale helseføretaka skal sørge for at tenestegjerande alliert militært personell under NATO-øvingar og anna militært personell som inngår i Partnerskap for fred, som er under opplæring i Noreg og som ikkje er omfatta av EØS-avtalen eller tilsvarande avtalar, vert gitt tilgang til spesialisthelsetenester utan etterfølgande fakturering frå norske myndigheiter. Dette gjeld og fakturering for eventuell eigendel. Personell som har Europeisk helsetrygdekort eller tilsvarande avtalar, vert handtert på vanleg måte.

Sak 10 Donasjon av ambulansar mv. til Ukraina

Stortinget har vedteke at Ukraina sitt behov skal liggje til grunn for den norske innsatsen for å støtte Ukraina. Støtta skal koordinerast med ukrainske myndigheiter. Det er vidare vedteke at bistand til Ukraina i hovudsak skal skje gjennom etablerte kanalar. Helsedirektoratet er gitt i oppdrag å koordinere arbeidet med donasjonar frå helsesektoren gjennom EUs sivile beredskapsmekanisme, UCPM, ved vurdering av førespurnad om bistand frå Ukraina. Dei regionale helseføretaka er bedne om å melde inn informasjon om legemiddel, medisinsk utstyr, personleg verneutstyr eller anna som spesialisthelsetenesta ønskjer å tilby Ukraina for donasjon gjennom UCPM, til Helsedirektoratet.

Ambulansar er framleis etterspurde frå Ukraina. Gjennom UCPM har Noreg til no donert 12 ambulansar og fem ambulansebussar, og leveranse av fleire ambulansar er under arbeid. Utanriksdepartementet har godkjent finansiering av istandsetting/service og transport av ambulansane til Ukraina over kap. 159 post 73, Ukraina og naboland.

Det kan vere aktuelt med bistand frå dei regionale helseføretaka i samband med vurderingar og gjennomføring av vedtak om donasjon og anna hjelp til Ukraina. Til no har dette blant anna omfatta bistand til istandsetting av ambulansebussar for donasjon, legemiddel mv.

Føretaksmøtet vedtok:

- *Dei regionale helseføretaka skal leggje til rette for at ambulansar som skal bli fasa ut av bruk i spesialisthelsetenesta, og som er eigna for formålet, blir vurdert for donasjon til Ukraina. Dette gjeld foreløpig i 2023 og 2024.*
- *Helse Sør-Øst RHF skal gi nødvendig bistand til å gjennomføre politiske og administrative vedtak om donasjonar og ev. anna støtte til Ukraina, irekna å etablere eit system for samla innmelding og istandsetting av ambulansar i samarbeid med Helsedirektoratet.*

Sak 11 Bierverv

Føretaksmøtet minna om tidlegare krav som er stilt innan området bierverv, seinast i føretaksmøtet 15. januar 2019. Føretaksmøtet understreka kor viktig det er at etablerte ordningar om meldeplikt og ryddig praktisering mv. vert etterlevd i helseføretaka. Dei regionale helseføretaka skal sjå til at aktuelle retningsliner, meldeplikt, lovgiving og gjeldande avtalar er godt kjente og vert etterlevd av alt personell i helseføretaka slik at det ikkje kan bli reist spørsmål ved dei tilsette sin integritet, habilitet og uavhengigheit.

Føretaksmøtet vedtok:

Dei regionale helseføretaka skal sjå til at aktuelle retningsliner, meldeplikt, lovgiving og gjeldande avtalar er godt kjent og vert etterlevd av alt personell i helseføretaka.

Møtet vart heva kl. 11.50.

Oslo, 13. juni 2023

Ingvild Kjerkol

Agnes Landstad

Protokollen er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar